

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 59/2007

Møtedato: 9.10.07

Arkiv nr: S 536

S 536 , Soleikro - søknad om inngjerda beiteareal

Erik Eriksrud søker om inngjerda beite på inntil stølen på Soleikro. Alternativ 1 er på 29 daa og ligg nordvest for stølen. Alternativ 2 er på 13 daa og ligg søraust for stølen. Begge areala går ned til vatnet.

Eriksrud å forsøkt med leigd areal eit stykke frå stølen. Dette var etter hans syn ikkje vellykka og han ynskjer derfor areal nær stølen. Dei to omsøkte areala er dei einaste han har funne skikka i nærleiken.

Fjellstyret har tidlegare behandla søknad om areal A. Den gongen vart ikkje dette arealet tilrådd vist ut etter at ein hadde motteke protest frå stølsnabo Torbjørn Moen. Klagen var grunngjeven med tilgang til vatnet.

For at utvisinga ikkje skal hindre ferdsel, foreslår Eriksrud at to store grinder kan stå oppe utanom ei veke i juni og ca fire veker frå 1. august. Vidare foreslår søkeren at han fører opp klatrebukkar nede ved vatnet.

Stølsforskrift §6. Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller kulturgeite, og eventuelt inngjerding, jf. §19 første stykket i fjellova.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal Statskog leggja fram for kommunen, fjellstyret og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrkning i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrkning eller overflatedyrkning etter forskrifa. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding, til beitebruk, skal kommunen gje fråsegn om dei forholda som er nemnde i §5 i forskrifta om nydyrkning.

Fjellstyret si fråsegn vert kunngjort. Vert det protestert mot utvisinga, handsamar fjellstyret saka på nytt. Endrar fjellstyret fråsegna, skal det gjerast kjent ved ny kunngjering.

Statskog gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett.

Er det usemje mellom fjellstyret og Statskog, skal saka leggjast fram for Statskog Hovedkontoret som gjer vedtak.

Setervoll og dyrkingsjord eller kulturgeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter, måler Statskog ut etter at fjellstyret har hatt saka til fråsegn. Statskog skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga.

Med bakgrunn i tidlegare klage på same areal vart søknaden oversendt Torbjørn Moen til uttale. Han har i brev datert 24.8.07 opplyst at han står ved tidlegare merknader. Etter Moen sitt syn vil inngjerdinga hindre fri ferdsel i området. Det er lite friareal ned til vatnet i dette området og arealet som er lengre nord er stort sett blaut myr. At grinder står oppe har han ikkje tru på vil fungere. Folk oppfattar dette uansett som "privat avgrensa" areal.

Vedtak:

Fjellstyret deler Torbjørn Moen sitt syn på at utvising vil hindre fri ferdsel langs vatnet. Inngjerdingar som står opne kan etter fjellstyret sitt syn også vera til ulykke for andre beitedyr. Fjellstyret kan med bakgrunn i dette ikkje tilråd utvising av dei omsøkte areaala. Fjellstyret er positive til at søkeren får vist ut areal til beite, men ber søkeren vurdere andre område.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.10.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Torbjørn Moen
Erik Eriksrud
Statskog
Vestre Slidre kommune